

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

SAKSPAPIR TIL MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 13.-14. JANUAR 2011

Framlegg til sakliste:

- I. Godkjenning av innkalling, referat, sakliste og tidsplan
- II. Sidan sist
- III. Aktuelle oppgåver
- IV. Offentleg høyring
- V. Gjennomgang av framlegg til innstilling

I. GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Møtet var fastsett i møteplanen vår. Førrebels innkalling vart send ut 3. januar 2011.

Oversyn over alle vedtak til no vart lagt ut i arbeidsrommet til nemnda 21. desember 2010.

Samla sakspapir vart sende ut fredag 7. januar 2011.

Referatet frå sist møte vart lagt ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjent via e-post. Det vart lagt ut på nettsida vår 3. januar.

Framlegg til sakliste står ovanfor.

II. SIDAN SIST

Møte:

- Styremøte i Språkrådet 15. desember: Grete Riise møtte for nemnda og vil orientere om vedtak som styret gjorde. (Styreprotokollen er ikkje godkjend enno.)
- Grete Riise, Aud Søyland og Unn Røyneland refererer frå møte med fagråd 3 i Språkrådet onsdag 12. januar kl. 12.00.
- Grete Riise og Aud Søyland refererer frå møte med sekretariatet i Språkrådet onsdag 12. januar kl. 14.00.

Medieoppslag:

- Astrid S. Dypvik laga oppslag om normering i Dag og Tid før jul, med utgangspunkt i besøket i møtet vårt og stoff om tidlegare rettskrivingsendringar.

- Aftenposten hadde eit større oppslag om arbeidet vårt 3. januar 2011. Eit feilsitat som ikkje er blitt korrigert, har ført til meir diskusjon om kløyvd infinitiv: "I dag er det nok bare avisen Hallingdølen og forfatter Sigmund Løvåsen fra Trysil som bruker kløyvd infinitiv i skrift, sier Riise." Det er oppretta eiga side for tilhengjarar av kløyvd infinitiv på Facebook.

III. AKTUELLE OPPGÅVER

Møte:

- Vi må bestemma ramme for nemndmøtet i Ørsta 3. mars.
- Grete Riise presenterer framlegget til ny rettskriving i møte med styret i Litteraturselskapet i Samlaget og Løvebakken Mållag 31. januar 2011.
- Grete Riise presenterer framlegget til ny rettskriving på møte i Osterøy Mållag i slutten av januar.
- Grete Riise og Aud Søyland presenterer framlegget til ny rettskriving på LNK-seminar 22. februar 2011.
- Innlegg på landsmøtet i Noregs Mållag 9. april 2011 i Suldal (førerebels sett opp laurdag ettermiddag klokka 16.30). Kven kan møte?

IV. OFFENTLEG HØYRING

a. Høyringsbrev

Nemndleiaaren har laga eit høyringsbrev som skal sendast ut saman med innstillinga, sjå eige vedlegg i arbeidsrommet. Har nemnda merknader?

b. Presentasjon av framlegget til ny norm for nynorsk på høyringsmøtet 21. februar

Vi treng ei idémyldring om presentasjonen av innstillinga vår på møtet; arbeidsmetode, prioritering av problemstillingar og struktur.

- Kva skal vi bruka mest tid på?
- Kva er viktigast?

V. GJENNOMGANG AV FRAMLEGG TIL INNSTILLING

Innstillinga skal vera mest mogleg ferdig når me legg henne ut til høyring. Derfor må nemnda gå nøye gjennom teksten på dette møtet. Sjå eige vedlegg med framlegg til innstilling.

Det er særleg viktig å få til eit godt samandrag i starten av innstillinga.